

Saksbehandlar: Elisabet Kjerstad Bøe, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/9523-76

## **Aktivitetar og budsjett hydrogensatsing 2019**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert arbeidd vidare med hydrogensatsinga i 2019 i samsvar med føringane i denne saka.
2. Det vert sett av 1,2 millionar kr til vidareføring av hydrogeninnsatsen i 2019.
3. Midlane vert dekkja med restmidlar frå hydrogenprosjektet og restmidlar frå tidlegare år som er disponible for hovudutvalet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte midlane, og gjere vurderingar basert på førelagt prosjektoptale for dei aktuelle tiltaka.

### **Vedlegg:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I 2016 sette fylkeskommunen i gang det strategiske utviklingsprosjektet «Hydrogen Region Sogn og Fjordane» (sak 16/570). Hovudutval for næring og kultur fekk presentert sluttrapporten<sup>1</sup> frå prosjektet på eit eige temamøte om hydrogen 23.oktober 2018. Tufta på tilbakemeldingane frå temamøtet vart det lagt fram ei skisse for vidare hydrogensatsing i påfølgande utvalsmøte 22.november 2018. Der vart det gjort følgande vedtak: «Hovudutvalet er positive til vidare arbeid med hydrogen-satsing i 2019. Innsats, budsjett og finansiering vert endeleg avklart gjennom ei sak tidleg i 2019» (sak 18/59).

Etter dette har prosjektleiinga hatt fleire møte internt i fylkeskommunen og med eksterne samarbeidspartar, for å prioritere viktige aktivitetar i 2019 og fordele ansvar for desse. Som regional utviklingsaktør er det naturleg at fylkeskommunen framleis har ei sentral rolle innanfor enkelte område, medan det for andre oppgåver er meir nærliggande at kommunar, skular og utdanningsinstitusjonar, privat næringsliv eller forskingsmiljø tek hovudansvar.

### **2. Aktivitetar i 2019 – temaoversikt**

#### **2.1 Støtte til nyetablert næringsklynge**

Industriklynga Ocean HyWay Cluster vart hausten 2018 tekne opp i Arenaprogrammet. Arena er eit nasjonalt program eigd av Innovasjon Norge, SIVA og Norges forskningsråd. Klynga, som er den einaste med denne statusen i Sogn og Fjordane, er eit initiativ frå Maritim Forening Sogn og Fjordane. Føremålet er å samle næringslivet i hydrogenverdikjeda i regionen. Arenastatus sikrar grunnfinansiering til samarbeid, profesjonalisering og konkurransebygging i næringslivet. Det er grunn til å tru at arbeidet i klynga vil initiere prosjektaktivitetar med finansieringsutfordringar til den regionale partnerskapen. Slik medverknad vil vere søknadsbasert.

---

<sup>1</sup> Slutt- og delrapportar ligg på <http://www.sfj.no/rapportar.475734.nn.html>

Erfaringar og kunnskap frå prosjektet Hydrogen Region Sogn og Fjordane viser at vi i fylket bør satse på utvikling og kompetansebygging gjennom pilotprosjekt i næringslivet. Potensialet for kommersialisering av hydrogenteknologi er stort, særleg innanfor område som maritim transport, havbruk, tungtransport på veg og industri. Å støtte opp under aktivitetar i ei næringsklynge knytt til hydrogen, kan difor vere eit effektivt verkemiddel for næringsutvikling.

## **2.2 Etablering av infrastruktur i tilknytning til egne anbod og/eller næringsprosjekt**

På oppdrag frå fylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland, tilrådde DNV GL i ein mulegheitsstudie i 2016 at fylkeskommunen sitt bidrag til etablering av hydrogeninfrastruktur dei neste 3-5 åra bør knyte seg anten til egne anbod, eller som støtte til etablering av infrastruktur i samband med pilotprosjekt i næringslivet. Det vart også lagt vekt på behovet for å tenkje fleirbruk ved å samle fleire sluttbrukarar kring felles hydrogenanlegg for å få lønsemd i prosjekta.

Når det gjeld egne anbod er det hurtigbåttenestene som ligg først i tid. Målet er å få på plass ny avtale til mai 2020. Kommunikasjon mot marknaden er venta å starte 1.kvartal 2019. Nærings- og kulturavdelinga følgjer prosessen og bistår samferdsleavdelinga med kunnskap om marknaden der det er behov.

Når det gjeld behov for sjø- og landbasert hydrogeninfrastruktur i tilknytning til næringsprosjekt, så er det på gang ei utgreiing av dette i samband med vestlandsstrategien for hydrogen. Kartlegginga føregår i regi av Hordaland fylkeskommune, men er ein del av samarbeidet mellom dei fire fylka i Vestlandsrådet. Med tanke på føreståande fylkessamanslåing, så kan det vere aktuelt at Sogn og Fjordane og Hordaland samkøyrer prosjektressursar og fordeler kostnader ved denne kartlegginga ut 2019. Hydrogenregion Vestlandet – strategi vert lagt fram for Vestlandsrådet 15.februar 2019.

## **2.3 Kompetanseheving internt i fylkeskommunen og i regionen**

I forskingsprosjektet EKOHYD kom det fram at fylkeskommunen manglar kompetanse internt knytt til nullutsleppsløysingar generelt og mulegheitsrommet for innovative innkjøp. Ein bør gjere konkrete tiltak for å utbetre dette. Det er etablert eit samarbeid om innkjøpsprosessen for hurtigbåt, mellom samferdsleavdelinga, nærings- og kulturavdelinga og planstaben, som skal sikre at kunnskapen som vert tileigna undervegs kjem ut i alle ledd i organisasjonen. Samarbeidet er forankra i leiargruppa, og innkjøpsprosessen vert leia av samferdsleavdelinga, som har ein eigen prosjektleiar dedikert til arbeidet.

Eit viktig kompetansetiltak for regionen vil kunne vere å støtte opp om utdannings- og forskingsinstitusjonar i fylket som vil etablere eller styrke tenester knytt til tema som nullutsleppsteknologi, energi, klima og næringsutvikling. Det kan vere nyttig for fylkeskommunen å delta i eitt eller fleire strategisk viktige FoU-prosjekt som tilfører ny kunnskap og vidareutviklar kompetansen knytt til hydrogen som energiberar. Det er kome ein konkret førespurnad frå eit konsortium der Vestlandsforskning og Høgskulen på Vestlandet er mellom deltakarane. Målet er å etablere Norwegian Centre for Energy Transition Strategies (NTRANS). Ambisjonen er å få status som eit forskingssenter for miljøvenleg energi (FME<sup>ii</sup>) der Sogn og Fjordane deltek med eit brukarcase knytt til hydrogen i sjøtransport med utgangspunkt i Florø. Fylkeskommunen er invitert til å delta som brukarpartnar med finansiering.

## **2.4 Nettverk og møteplassar**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt presidentskapet i det nasjonale fylkesnettverket for hydrogen, ein posisjon som gjer det muleg å bidra til utforming av politikk og rammeverk på området. Fylkesnettverket er samstundes ein arena for å kunne dra veksle på andre fylke sine erfaringar og formidle om eiga satsing på hydrogen.

Vidare er det internasjonale arbeidet viktig for å framheve og vidareutvikle fylket som ein merkevare i hydrogensamheng, særleg med tanke på den maritime satsinga og andre område der vi har strategiske interesser. Fylkeskommunen er prosjektleiar for eit hydrogenlæringsnettverk finansiert av Nordisk Atlantsamarbejde (NORA). Prosjektet starta i 2018 og varer ut 2019.

<sup>ii</sup> <https://www.forskningsradet.no/prognett-energiserter/Nyheter/Syv-skisser-til-senter-for-samfunnsvitenskapelig-energiforskning/1254034482810/p1222932140891>

Formidling om hydrogen som energiberar og nullutsleppsalternativ bør halde fram. Den årlege hydrogenkonferansen i Florø har utvikla seg til ein sentral møteplass som også drar til seg eit internasjonalt publikum. Det er aktuelt for fylkeskommunen å støtte opp om denne og andre møteplassinisiativ.

Fylkeskommunen og åtte kommunar i fylket har i prosjektperioden hatt eit eige læringsnettverk for hydrogen. Dette har vore ein viktig arena for kunnskapsoverføring, og fleire av kommunane har gått vidare med konkrete hydrogenprosjekt i lokalsamfunna. Planstaben vil føre vidare dette arbeidet ved å invitere kommunar i fylket til Planforum med sine konkrete plansaker knytt til hydrogen, samfunnstryggleik og beredskap.

### **3. Konklusjon**

Omstilling av energisystemet, omfattande reduksjon av klimagassutslepp og utvikling av framtidsretta og grønne verdikjedar er forbunde med risiko. Til dømes kan kostnadane ved innfasing av ny teknologi og etablering av infrastruktur vere høge i ein overgangsfase. Det kan vere usikkerheit knytt til rammevilkår og politiske føringar både i energisektoren og næringslivet elles, og det er vanskeleg å gjere nøyaktige framskrivingar for korleis hydrogen vil utvikle seg i høve til batteriteknologi, biogass eller andre alternative energiberarar. Det vidare arbeidet med hydrogen bør difor ikkje vere ei einssidig satsing, men ein integrert del av ein større omstillingsprosess, der regionale planar og strategiar set ambisiøse mål for klimaomstilling, utvikling av nye grønne næringar og berekraftige energisystem.

Mykje tyder likevel på at fylket kan ta ein sterk posisjon i ein framtidig hydrogenøkonomi og uansett skape gode ringverknadar ved ei målretta satsing, slik at det kan vere verdt å ta noko risiko og kostnadar ved dette. På bakgrunn av erfaringar og resultat frå prosjektet Hydrogen Region Sogn og Fjordane (2016-2018) rår difor fylkesdirektøren for næring og kultur til at hydrogensatsinga held fram i 2019, og at innrettinga i hovudsak følgjer dei linjer som her er vist til.

Fylkesdirektøren tilrår ei rammeløyving og at administrasjonen får fullmakt til å disponere denne ramma til konkrete aktivitetar etter kvart som detaljane vert avklara. Oppsettet som følgjer er ikkje meint som ein invitasjon til sluttdisponering av midlar, men som eit grunnlag for å definere eit samla finansieringsbehov. Endeleg disponering vil vere søknadsbasert og/eller avhengig av kva initiativ som vert realiserte (jf t.d. Ntrans). Det står att om lag 300 000 kr frå hydrogensatsinga frå tidlegare år.

<b>Aktivitet</b>	<b>Estimat (1000 kr)</b>	<b>Kommentar</b>
Aktivitetar som byggjer opp under Arena-satsing (ikkje grunnfinansiering)	400	
Hydrogenregion Vestlandet	200	
Eigendel Ntrans (FME-senter)	200	Avhengig av FME-status. Sum gjeld berre år 1.
Internasjonalt nettverksarbeid (NORA)	250	Kontantløyving til prosjektet. Noko kan eventuelt bli konvertert til arbeidsinnsats.
Hydrogenkonferanse i Florø	50	
Diverse	100	
Sum	1 200	